

Innspel frå Selevik FAU til Fitjar kommune, budsjett 2024

Selevik FAU ynskjer å komme med fyljande innspel til Fitjar kommune sitt budsjett for 2024 og langtidsbudsjett.

Ein hjartesone plan skulle ihht trafikksiktingsplanen 2022-2032 utarbeidast for kva skule i Fitjar i byrjinga av planperioden.

FAU Selevik har etterlyst denne planen for vår skule, men fått tilbakemelding om at det ikkje er starta, og heller ikkje planlagt eit slikt arbeid for Selevik.

Ei skikkelig oppgradering av parkeringsplassen og innkøyringa til Selevik skule er høgst nødvendig. Parkeringsplassen har lenge vore budsjettert, men blir stadig flytta frå langtidsbudsjett til langtidsbudsjett utan at noko skjer.

FAU Selevik ber om at utbetring av parkeringsplass/innkøyrin og trafikksikkerheit endeleg vert prioritert ved Selevik skule og at midlar til dette vert budsjettert.



Vegen opp til skulen fungerer både som ansatte parkering og einaste veg inn på skuleområdet.

Dette er einaste plassen det er mogleg å snu ved skulen. (ved å enten rygge seg inn bak bilane på parkeringsplassen eller ved å køyre inn bak bilane og rygge seg ned på vegen.



Til venstre i bildet kjem turstien frå Fiskanaset opp. Born som kjem gåande her ikkje er synlege før dei er klare for å krysse vegen. Noko som igjen skaper farlege situasjonar då dette er det einaste området det er mogleg å rygge/snu på.

Mvh
Selevik FAU